



Hytteigarar og fastbuande har i dag hartt ryddedugnad på SKorpo. Sjøtroll Havbruk sin båt frakta bosset vekk(Foto: Kurt M. Hauge)

Det er vår og det er rydde tid! Vi ønskjer alle at bygda vår skal møta den lyse, vakre årstida med festdagar og høgtider, med ei så vakker og ryddig bygd som mogeleg. Derfor vert det no arrangert ryddedugnader både her og der. I samband med det har vi motteke følgjande ros frå Uskedal Utvikling:

Dagens ros går til hytteigarane på Skorpo og Korsneset Velforening for rydding og innsamling av skrot og bos.

Uskedal utvikling oppmodar alle, grupper og einskildpersonar, til å plukka bos og søppel på turveggar, langs fylkesvegen og i stranda.

Dersom ein treng bossekker, kontakt Kristian Bringedal på mobil 915 31 487

Uskedal utvikling vil sjølv invitera til bosaksjon onsdag 5. mai i sentrum. Frå før veit vi at Uskedal skule og Eleveigarlaget tek eit tak på sine område.

Uskedal utvikling



Fortent kaffi, brus og kjeks etter dugnad i Korsnes(Foto: T. I. Døssland)

Nett: Thor Inge Døssland